

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 08.12.2014

Arkivk.: styret/møter/protokoll/13-15

PROTOKOLL FRÅ MØTE NR. 08 I SKIKRINSSTYRET, 2013-2015
--

Stad: Skei, Skei Hotell
Tidspunkt: Måndag 08. desember 2014, kl. 18.00-21.00.

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 89 13-15	SFSK AK-protokoll nr. 07 13-15
SAK 90 13-15	SFSK AK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
SAK 91 13-15	SFSK LK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
SAK 92 13-15	SFSK HKK-referat Haustmøtet, 29.10.2014

RAPPORTERING

SAK 93 13-15	Rekneskapsrapport pr. 04.12.2014
---------------------	---

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 94 13-15	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 95 13-15	Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 07 13-15
SAK 96 13-15	Budsjett 2015
SAK 97 13-15	SFSK Handlingsplan 2014-2015
SAK 98 13-15	Tid og stad for Skikrinstinget 2015
SAK 99 13-15	Val – Skikrinstinget 2015
SAK 100 13-15	Sportsplanar for Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 101 13-15	Sommarskiskular 2015

ORIENTERINGSSAKER

SAK 102 13-15	SFSK sitt markedsarbeid
SAK 103 13-15	Ski i Skulen 2015
SAK 104 13-15	Uttale vedr. «Nordsida Skitrek»

EVENTUELT

TIL STADES: Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Reidun Hegrenes, Gunnar Fannemel, Lilly Schøyen, Asle Sande og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Arthur Hegrenes

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 89 13-15 SFSK AK-protokoll nr. 07 13-15
Bakgrunn
Alpinkomiteen sin protokoll nr. 07 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK
Teke til orientering

SAK 90 13-15 SFSK AK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
Bakgrunn
Alpinkomiteen sitt referat frå Haustmøtet 29.10.2014 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK
Teke til orientering.

SAK 91 13-15 SFSK LK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
Bakgrunn
Langrennskomiteen sitt referat frå Haustmøtet 29.10.2014 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK
Teke til orientering.

SAK 92 13-15 SFSK HKK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
Bakgrunn
Hopp- og kombinertkomiteen sitt referat frå Haustmøtet 29.10.2014 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK
Teke til orientering.

RAPPORTERING

SAK 93 13-15 Rekneskapsrapport pr. 04.12.2014
Bakgrunn
Rekneskapsrapport pr. 04.12.2014 er lagt ved som vedlegg.
Adm. presenterte rapporten.

VEDTAK

Teke til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 94 13-15

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

SAK 95 13-15

Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 07 13-15

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 07 13-15 er sendt ut på førehand.

Protokollen er også lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 07 13-15.

SAK 96 13-15

Budsjett 2015

Bakgrunn

Framlegg til budsjett for 2015 er vedlagt.

Administrasjonen sitt framlegg til budsjett for 2015 balanserar, med årsbudsjetterte driftsinntekter på kr. 3 018 000,- og årsbudsjetterte driftskostnader på kr 3 018 000,-

Rammene for inntektene er i hovudsak basert på markedsinntekter, lagskontingent (årskontingent), tilskot frå idrettskrins, tilskot frå fylkeskommune, tilskot frå NSF (post 3 midlar), momskompensasjon, rennavigifter samt eigendelar frå løparar/ føresette og klubb.

Administrasjonen ber skikrinsstyret vere merksame på følgjande:

Markedsinntektene til Sogn og Fjordane er budsjettert på same nivå som i 2014.

Fleire av samarbeidsavtalen til Sogn og Fjordane Skikrins går ut i 2015. Dvs. at administrasjonen sitt framlegg til budsjett er basert på at desse avtalane vert vidareført på minimum av dagens nivå. Samla utgjer markedsavtalane ein kontantstraum på kr. 660 000,-, etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalen med Sparebanken Sogn og Fjordane.

Det er elles budsjettert med post 3-midlar (Norges Skiforbund) på totalt kr 45 000,- fordelt på Rekrutteringsprosjektet (Miljøsamlingane), Integrering, samt kurs og utdanningsverksemd.

Prinsippet med fordelingsnøkkelen knytt til markedsinntektene (innført i 2009) der 92,5% av inntektene blir ført vidare til greinkomiteane,

medan AU held igjen 7,5% til eiga drift er lagt til grunn i framlegg til budsjett.

ARBEIDSUTVALET

AU – Drift administrasjon

Markedsinntekter

Samla budsjetterte markedsinntekter i 2014 er kr. 660 000,-, etter at meirverdiavgifta er trekt frå samarbeidsavtalen med Sparebanken Sogn og Fjordane.

Tilskot frå idrettskrins

Det er budsjettert med kr 90 000,- i tilskot frå idrettskrinsen (fylkeskommunalt tilskot), om lag same nivå som rekneskapstala for 2014 syner.

Lagskontingent

Lagskontingenten (årskontingent) er budsjettert ihht. til vedtak i samband med Skikrinstinget 2013, og utgjer samla ca. kr. 214 000,-.

Mømskompensasjon

Jf. signal frå Norges Idrettsforbund og retningslinjer for utbetaling av mømskompensasjon er denne tilskotsordninga budsjettert med kr. 160 000,-.

Dvs. 5,6% av sum driftskostnader for organisasjonen.

IT kostnader

IT kostnadane er budsjettert med kr 24 000,-, om lag same nivået som rekneskapstala for 2014 syner.

Rekrutteringsprosjekt

I rekrutteringsprosjektet er det budsjettert sonevise Miljøsamlingar slik som tidlegare år.

Ibhm. Miljøsamlingane er det budsjettert med kr 5 000,- i annonsering, elles er det lagt inn kr 9 500,- i tilskot til tekniske arrangørar av Miljøsamlingane 2015 m.m.

Det er vidare budsjettert med eit tilskot på kr 15 000,- til rekrutteringsprosjektet frå NSF (post 3 midlar), samt kr. 12 000,- i deltakaravgifter.

Funksjonshemma

Innanfor område integrering/ funksjonshemma er det budsjettert med 2 stk. ski- og snøsamlingar som blir gjennomført i lag med NAV Hjelpemiddelsentralen.

Det er verdt å merke seg at det også er budsjettert med eit tilskot frå NSF på kr 15 000,- (post 3-midlar), i tillegg til andre tilskot på kr. 10 000,- (overføring frå 2014-2015).

Krinsting

SFSK skal gjennomføre Skikrinsting i 2015. Det er budsjettert med ein total kostnad på kr. 43 000,- ifbm. tinget.

Styret

I samband med aktiviteten til styret er det budsjettert med kr. 193 625,- i kostnader.

Kostnadane til styret er i hovudsak knytt til lokalleige ifbm. møter, telefonmøte, reiserekningar, samt reise og overnatting i samband med sentrale møter (Vårmøte og Haustmøte).

Ver merksam på at Skikrinsstyret gjennom sitt budsjett også dekkar reise og overnatting for representantar frå greinkomiteane i samband med Vår- og Haustmøter (i tråd med tidlegare praksis).

Trenarkurs/ utdanning

Innanfor trenarkurs/ utdanning er det lagt opp til eit budsjett i om lag balanse. Inntektene er relatert til vaksenopplæringstilskot, kursinntekter og post 3-midlar, medan kostnadane er relatert til honorar og reisekostnader til kurslærar, leige av lokale kjøp samt kjøp av kursmateriell m.m.

Ski i skulen

Ved vidareføring av Ski i Skulen 2015 er det m.a. budsjettert med kr. 100 000,- i offentlege tilskot. Dette tilskotet baserar seg på ein utviklingsavtale (tre-årig) med Sogn og Fjordane Fylkeskommune som utgjer kr. 100 000,- i 2015.

Ein har vidare fått tilsagn om kr. 50 000,- i støtte frå Sparebankstiftinga til prosjektet i 2015, og det er lagt inn ei avsetning på kr. 50 000,- frå 2014 til 2015.

På kostnadssida er det budsjettert med honorar til instruktørar, reiserekningar og kostnader knytt til busstransport. Ski i Skulen vert i 2015 gjennomført ved 15 skular.

Det er budsjettert med at prosjektet skal balansere.

Prosjekt Telemark

Forventa inntekter og kostnader i dette prosjektet er svært usikkert, men ein har lagt opp til at dette prosjektet skal balansere. Dvs. at inntekter og kostnader skal følge kvarandre.

ALPINKOMITEEN

Alpinkomiteen sitt budsjett balanserar med kr 995 375,- i driftsinntekter og kr 995 375,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 203 500,- i overføring av markedsinntekter, jf. samarbeidsavtalane med Fjord1, Fyrdenbø AS og COOP Vest SA.

Ver merksam på at det er budsjettert med ein økonomisk bonus frå COOP Vest SA.

Det er også lagt inn kr 23 000,- i lisensar/ rennavgifter. Dette er same nivå som rekneskapstala for 2014 viser.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 243 375,-.

NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad, kr 10 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 10 000,-

Jr. NM

Ifbm. NM er det budsjettert med at ein dekkjer startkontingent for aktuelle utøvarar – budsjettert kostnad er kr 15 000,-.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 15 000,-.

HL

På Hovudlandsrennet og Landsfinalen er det budsjettert med reise og overnatting til hovudleiar i tillegg til startkontingent for utøvarane. Det er også budsjettert med forskottering av overnattingskostnader samt refusjon av desse (inntekter).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 67 000,-.

Her skal ein vere merksam på at Landsfinalen vert avvikla i Bardufoss, noko som medfører ein ekstra kostander knytt til m.a. fly for hovudleiar, samt leigebilar for dei reisande m.m.

Cup

Ifbm. Fjord1 cupen er det budsjettert med kr. 5000,- i annonsering, i tillegg til kr 35 000,- i kjøp av premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 40 000,-.

FIS-renn

Til FIS-renna i alpint er det budsjettert at krinsen dekkar startkontingent på 5 FIS-renn for kvar utøvar, i tillegg til FIS-lisensen.

Det er også lagt inn at krinsen forskotterar startkontingent i samband med desse renna.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – kr. 15 000,-.

Fjord1 samlingar/ krinslag

Fjord1 samlingane er budsjettert på om lag same nivå som i 2014.



Det er budsjettert med 6-7 Fjord1 samlingar, og deltakaravgifter på til saman kr 307 000,-.

Vidare er det lagt inn kr. 270 000,- i idrettsfagleg bistand, dette er kostnader knytt til Alpine Race Academy Norge. Det er også budsjettert med omfattande bruk av lokale trenarkrefter, totalt kr. 116 000,- (honorar, reise og overnatting).

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 73 500,-

Alpinkomiteen

Til møteverksemd i alpinkomiteen er det sett av kr. 11 000,-.

HOPP- OG KOMBINERTKOMITEEN

Hopp- og kombinertkomiteen sitt budsjett balanserar med kr 48 250,- i driftsinntekter og kr 48 250,- i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr. 46 250 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalen med SFE.

I samband med drift av SFE-bakken er det budsjettert med reisekostnader på kr. 8 000,-

Det er også lagt inn kr 2 000,- i lisensar/ rennavgifter.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 37 750,-.

Jr. NM

Det er ikkje budsjettert med kostnader i samband med Jr. NM fordi Sogn og Fjordane Skikrins ikkje har utøvarar i denne målgruppa.

HL

Ifbm. Hovedlandsrennet er det budsjettert med kostnader på tilsaman kr. 7 000,-.

Cup

I samband med SFEhopp cup er det budsjettert med reklame og annonsering på kr. 3 750,-, i tillegg til kjøp av premiar på kr. 10 000,- .

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 750,-

Rekrutteringsprosjekt i hopp

Det er budsjettert med eit rekrutteringsprosjekt i hopp.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 13 000,-. Evt. ressursar knytt til Sommarhoppkula i Bjørkelibakkane er også knytt til dette prosjektet.

Hopp- og kombinertkomiteen

Til møteverksemd i komiteen er det sett av kr. 4 000,-.

LANGRENNSKOMITEEN

Langrennskomiteen sitt budsjett balanserar med kr 1 138 675,- i driftsinntekter og kr 1 138 675 i driftskostnader.

Drift komité

Det er budsjettert med kr 360 750 i overføring av markedsinntekter jf. samarbeidsavtalane med Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam og SFE.

Her skal ein vere merksame på at desse markedsinntektene budsjettert under føresetnad av at samarbeidsvatalen med Sparebanken Sogn og Fjordane og ByggTeam vert vidareført på min. av dagens nivå.

Vidare er det budsjettert med kr 40 000,- i lisensar/ rennavgifter. Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. 404 875,-.

NM, jr. NM og HL

Ifbm. NM, jr. NM og Hovudlandsrennet er det budsjettert at ein dekkjer reise- og opphald for støtteapparat og kostnader med smørebod. Det er i tillegg budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa. Det er også budsjettert med eit honorar for hovudleiar.

Årsbudsjettert resultat på desse prosjekta er samla kr – 155 400,-.

Cup/ SSF Cup

Ifbm. SSF Cupen er det m.a. budsjettert med kr 37 000,- i premiar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 40 500,-.

FIS-renn

I samband med renna i Norgescup' en er det budsjettert at komiteen dekkjer reise- og opphald for hovudleiar og støtteapparat (3 personar ved kvart arrangement). Det er i tillegg budsjettert med eit honorar for hovudleiar. Det er også budsjettert med ein andel refusjonar i samband med desse arrangementa.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 110 000,-

Krinslag

På krinslaget er det budsjettert med kr. 350 000,- i årskontingent (krinslagskontingent), noko meir enn det rekneskapen for 2014 viser.

Vidare er det m.a. budsjettert med kr 90 000,- i kjøp av klede, kr. 45 000,- i reisekostnader og kr. 160 000,- i overnatting i samband med samlingar.

Årsbudsjettert resultat på dette prosjektet er kr. – 87 950,-.

Langrennskomiteen

Til møteverksemd i langrennskomiteen er det sett av kr. 8 400,-

LSV-huer

Det er budsjettert at kjøp og sal av LSV-huer skal balansere.

GENERELL SLUTTKOMMENTAR

Adm. sitt framlegg til budsjett må reviderast 1. kvartal 2015.

I tillegg vil det mest truleg vere aktuelt med diverse avsetningar frå 2014 til 2015, m.a.o. må budsjettet oppdaterast når skikrinsstyret gjer endeleg vedtak om evt. avsetningar. Det blir lagt opp til at vedtak om evt. avsetningar skal gjerast i samband med styremøte i januar/februar 2015, når arbeidet med rekneskapen for 2014 er fullført.

Forøvrig kan ein legge til at det min. må påreknast avsetningar på følgjande prosjekt frå 2014-2015;

- Ski i Skulen – kr. 50 000,-
- Funksjonshemma – ca. kr. 25 000,-
- Telemark – ca. kr. 25 000,-
- Hopp/ sommarhoppeskule – ca. kr. 9 000,-

Det er også ein føresetnad at samarbeidsavtalane med fylkeskommunen, Sparebanken Sogn og Fjordane, ByggTeam, Fjord1 og Frydenbø vert vidareført på min. av dagens økonomiske nivå.

Elles kan ikkje styret sjå på dette framlegget som endeleg, men først og fremst som ei retningslinje for den vidare handsaminga av budsjettet.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner rammene for Budsjett 2015.

SAK 97 13-15

SFSK Handlingsplan 2014-2015

Bakgrunn

Framlegg til Handlingsplan 2014-2015 er lagt ved som eige vedlegg.

I møtet presenterte leiarane i greinkomitéane respektive handlingsplanar for 2014-2015.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner Handlingsplan 2014-2015 med endringar drøfta i møtet.

Følgjande tiltak skal leggest til Handlingsplan 2014-2015:

- Utvikling av Sportsplanar – alle greiner
- Sommarskiskular – alle greiner
- Terminliste alpint – Vestlandsmeisterskap
- Utvikling av Beredskapsplan for Sogn og Fjordane Skikrins

- Besøksrunde i alpinanlegg for å sikre tilrettelegging for funksjonshemma

SAK 98 13-15

Tid og stad for Skikrinstringet 2015

Bakgrunn

I høve til Sogn og Fjordane Skikrins si lov skal Skikrinsstyret avvikle Skikrinstring innan utgangen av mai 2015.

Jf. vedtak ifbm. Skikrinstringet 2013 fastset Skikrinsstyret tid og stad for møtet.

Skikrinsstyret kallar inn til Skikrinstring med minst 1 måned varsel på førehand, direkte til idrettslaga som har representasjonsrett.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer følgjande vedtak i saka.

Skikrinsstyret gjer vedtak om at Skikrinstringet 2015 skal avviklast på Skei, Skei Hotell, 05.-06. juni 2015.

Bakgrunnen for at Skikrinsstyret vel å avvikle Skikrinstringet i juni er m.a. knytt til at Norges Skiforbund avviklar Vårmøte 29.-31. mai 2015. Av ulike grunnar ser Skikrinsstyret det som ein fordel at tinget vert avvikla etter sentralleddet sitt Vårmøte.

Vårmøtet til skikrinsen skal avviklast 05. juni, medan Skikrinstringet vert avvikla 06. juni 2015.

SAK 99 13-15

Val – Skikrinstringet 2015

Bakgrunn

Leiar gjer framlegg om at Skikrinsstyret skal gjennomføre ei generell drøfting om valet ifbm. Skikrinstringet 2015.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek drøftinga til orientering, og gjer vidare vedtak om å kalle inn leiaren i valkomiteen i samband med neste møte i Skikrinsstyret.

SAK 100 13-15

Sportsplanar for Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Norges Skiforbund har utvikla langsiktige utviklingsplanar for alpint, langrenn og hopp. Utviklingsplanane inneheld anbefalingar m.o.t. innhald i skitreninga, utvikling av greinene, fordeling og skivolum m.m.

Modellane har som mål å gje rettleiing til laga i aldersbestemte klassar. Planane skal også gje eit heilskapleg utviklingsbilde, og er eit utgangspunkt for å utnytte potensiale i kvar einskild utøvar.

Det er ein tendens at føresette og trenarar for tidleg i barneklassane blir for opptatt av konkurransar og resultat. Føresette blir dominerande i å ville for mykje på borna sine vegne, og tek ut marginar for tidleg.

For laga må ski-sporten legge opp til eit kostnadsnivå, som er fornuftig for folk flest. Vidare må laga legge til rette treningsmiljø som skapar trivsel og langsiktig utvikling, slik at fleire utøvarar vert med lenger, og dei som vil mest og trenar mest, får eit miljø å vere i.

Basert på utviklingsplanane til skiforbundet fremmar Anders Felde (nestleiar) framlegg om at skikrinsen bør vurdere å utvikle Sportsplanar i greinene langrenn, alpint og hopp.

Slik kan ein regionalt belyse utviklingsområde i ulike alder- og utviklingssteg innanfor dei ulike greinene. Einskilde område kan vere vanskeleg å vere presis på i denne type planar. Det er likevel viktig at skikrinsen gir rettleiing (basert på NSF sine utviklingsplanar) om riktig innhald til riktig tid – noko mange lag er opptekne av.

Det er vidare avgjerande å tilpasse sportsplanane (utviklingsplanane) med omsyn til føresetnader og forhold tilpassa Sogn og Fjordane.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at ein skal utvikle Sportsplan for Sogn og Fjordane Skikrins. Sportsplanen skal omhandle alle greiner, og det skal setjast ned ei arbeidsgruppe som skal utvikle planen.

Skikrinsstyret oppnevner Anders Felde som leiar for arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa skal forøvrig bestå av enn representant frå alpint, hopp, langrenn og funksjonshemma, i tillegg til administrasjonen. Greinkomitéane oppnevner sjølve sine representantar til arbeidsgruppa.

Frist for oppnevning av representantar er 31.12.2014.

Planen skal leggst fram og vedtakast i samband med Skikrinstinget 2015.

SAK 101 13-15

Sommarskiskular 2015

Bakgrunn

Ref. Sak 81 13-15.

Skikrinsstyret har tidlegare drøfta om skikrinsen skal legge til rette for etablering av sommarskiskule for alle greiner f.o.m. 2015.

I samband Sak 81 13-15 gjorde Skikrinsstyret vedtak om at greinkomitéane skulle handsame saka innan utgangen av oktober 2014. Vidare vart det gjort vedtak om at greinkomitéane, i samband med Skikrinsstyret sitt møte i desember, skal gje tilbakemelding om og korleis ein kan arbeide ut eit konsept som er føremålstenleg for alle greiner.

VEDTAK

Skikrinstyret gjer vedtak om at respektive komitèar arbeider vidare med planane om etablering av Sommarskiskular:

- Alpinkomiteen; Strynefjellet Sommarskisenter / Hjelle

- Langrennskomiteen; Ullsheim / Markane IL
- Hopp- og kombinertkomiteen; Nordfjord Fritidssenter/ Bjørkelibakkane

ORIENTERINGSSAKER

SAK 102 13-15 SFSK sitt markedsarbeid

Bakgrunn

Ref. Sak 79 13-15.

Økonomi- og markedsnemnda har, basert på vedtak i Skikrinsstyret, gjort vedtak om følgjande ansvarsfordeling i høve til reforhandling av aktuelle samarbeidsavtalar:

Verksemd	Grein	Ansv.	Frist	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen	Anders Felde og Yngve Thorsen	31.10.2014	Gj. f. dialogmøte 14.11.2014
ByggTeam AS	Langrenn	Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen	31.10.2014	Ikkje gj. f. møte.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	Inge Fænn, Anders Felde og Yngve Thorsen	01.12.2014	Gj.f. møte 26.11.2014
Fjord1	Alpint	Atle Hamar og Yngve Thorsen	31.10.2014	Gj. f. møte 03.11.2014
Frydenbø AS	Alpint	Atle Hamar og Yngve Thorsen	31.10.2014	Gj. f. møte 22.10.2014.
Skogstad Sport AS	AU	Reidun Hegrenes og Yngve Thorsen	31.10.2014	Gj. f. møte 18.09.2014, dialog via e-post og tlf.
COOP Vest SA	Alpint	Yngve Thorsen	31.10.2014	Gj. f. møte 08.10.2014

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 103 13-15

Ski i Skulen 2015

Bakgrunn

Ref. Sak 77 13-15.

Skikrinsstyret har i Sak 77 13-15 gjort vedtak om at prosjektet Ski i Skulen vidareførast, under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert.

Med bakgrunn i skikrinsen sin utviklingsavtale med fylkeskommunen, tilsagn om kr. 50 000,- i støtte til prosjektet frå Sparebankstiftinga, samt ei avsetning av egne midlar på min. kr. 50 000,- frå 2014 til 2015 har adm. gjeve følgjande skular tilbod om deltaking i 2015.

- Gaupne skule
- Flatbygdi skule (Vik)
- Breim skule
- Flatene skule (Førde)

- Tonning skule (Stryn)
- Nordfjordeid skule
- Trudvang skule (Sogndal)
- Tangen skule (Årdalstangen)
- Leikanger Barneskule
- Sunde skule (Førde)
- Hjelle skule
- Viksdalen barneskule/Frøysland skule (Gaular/Førde)
- Hyen skule
- Karstad skule
- Haugen skule

Skulane har hatt frist til 01. desember 2014 med å gje tilbakemelding om dei ynskjer å ta del i prosjektet eller ikkje.

Pr. 08. desember 2014 har følgjande skular gjeve tilbakemelding om deltaking:

- Breim skule
- Flatene skule
- Tangen skule
- Leikanger barneskule
- Hjelle skule
- Sunde barneskule
- Frøysland skule
- Haugen skule
- Karstad skule

Skulane som ikkje har gjeve tilbakemelding innan fristen 01. desember) vert fulgt opp av administrasjonen.

Skriv til skulane og idrettslaga dagsett 05. november er lagt ved som eige vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 104 13-15

Uttale vedr. «Nordsida Skitrek»

Bakgrunn

Viser til informasjon via Tor Åge Berglid vedr. planlagde investeringar i «Nordsida Skitrek» i Stryn kommune, samt tidl. drøftingar i Skikrinsstyret i samband med Sak 34 13-15.

Dei førebelse planane viser at anlegget er planlagt i tilknytning til Nordfjord Fritidssenter og eksisterande skianlegg der.

Viser også til samtale med Oddvin Myklebust (d.s. 08. september 2014) vedr. framtidig utvikling av skianlegget v/ Nordfjord Fritidssenter. Gjennom desse samtalane gav Myklebust uttrykk for at ei evt. utbygging av «Nordsida Skitrek» ikkje har prioritet i laget no.



Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) har førebels ikkje motteke informasjon om at skitrekket er detaljplanlagt og kalkulert, men at det føreligg planar om eit skitrekk på 900 meter med fallhøgde på ca. 350 meter, 3 nedfartar, samt ein terrengpark. Ein har vidare fått informasjon om ei førebels investeringskalkyle på ca. kr. 6 150 000,-.

Vedlagt følger skriv til IL Veten dagsett 07. november 2014. Det er sendt kopi av skrivet til Norges Skiforbund, Sogn og Fjordane idrettskrins, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Stryn kommune og Tor Åge Berglid (repr. for Nordsida Skitrekk.

VEDTAK

Teke til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 89 13-15 SFSK AK-protokoll nr. 07 13-15

Alpinkomiteen@

Sakshand.: YT

Dato: 18.11.2014

Arkivk.: ak/møter/protokoll/13-15

PROTOKOLL MØTE NR. 07 I ALPINKOMITEEN, 2013-2015

Stad: Skei, Skei Hotell
Tidspunkt: Tysdag, 18. november 2014, kl. 18.00-21.00

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 42 13-15 SFSK AK – referat frå Haustmøtet 2014

RAPPORTERING

SAK 43 13-15 Rekneskapsrapport pr. 31.10.2014

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 44 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 45 13-15 Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen, 09.09.2014

SAK 46 13-15 Terminlista 2014-2015 – oppfølgingssaker Haustmøtet 2014

SAK 47 13-15 Kvalifiseringsreglar til Telenorleikane og Hovudlandsrennet 2015

SAK 48 13-15 Handlingsplan 2014-2015

SAK 49 13-15 Fellesopplegg i samband med Telenorleikane og Hovudlandsrennet 2015

SAK 50 13-15 Vestlandsmeisterskap i alpint 2015

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 13-15 Status markedsarbeid 2014-2015

EVENTUELT

TIL STADES: Lilly Schøyen, Atle Hamar, Rune Espe og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Olav Betten og Martin Hopland.

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 42 13-15

SFSK AK – referat frå Haustmøtet 2014

Bakgrunn

Referat frå alpinkomiteen sitt Haustmøte 29. oktober 2014 er vedlagt.

VEDTAK

Teke til orientering.

RAPPORTERING

SAK 43 13-15

Rekneskapsrapport pr. 31.10.2014

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 13.11.2014 er utsendt på førehand.
Adm. la fram rapporten.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering

Forøvrig gjer komiteen følgjande vedtak i saka:

- 1) Alpinkomiteen dekker FIS-utøvarane sin startkontingent t.o.m. 31.12.2014. Dette kjem i tillegg til at skikrinsen dekkjer startkontingenten ifbm. fem FIS-renn 2014-2015, samt startkontingenten i samband med nasjonalemeisterskap (NM sr./ NM jr.).
- 2) Alpinkomiteen fastset deltakaravgifta i samband med Fjord1 samlinga 27.-30. november til kr. 200,- pr. utøvar pr. dag (vanlegvis er denne deltakaravgifta kr. 350,- pr. utøvar pr. dag).

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 44 13-15

Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste

SAK 45 13-15

Godkjenning av protokoll frå møte i alpinkomiteen 09.09.14

Bakgrunn

Protokoll frå møte i alpinkomiteen 09.09.2014 er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll frå møte i alpinkomiteen 09.09.2014.

SAK 46 13-15

Terminlista 2014-2015 – oppfølgingssaker Haustmøtet 2014 **Bakgrunn**

Alpinkomiteen si terminliste vart formelt handsama i samband med komiteen sitt Haustmøte på Skei, 29.10.2014.

Terminliste 2014-2015 er vedlagt.

I samband med handsaminga hadde Haustmøtet følgjande innspel;

Trening vs. konkurransar

I terminlista har ein lagt inn trening/ samling 18. januar på Hafslo, 25. januar på Harpefossen, 08. februar i Sogndal, 08. mars på Utvikfjellet, 15. mars i Stryn og 22. mars i Sogndal. Ansvarlege for gjennomføring er dei lokale arrangørane.

Bakgrunnen for dette opplegget er at AK ynskjer å stimulere til meir trening på tvers av klubbgrensene (utvikling av unge utøvarar).

Desse treningane kjem i tillegg til andre samlingar, og dagen før (laurdag) treningane/ samlingane legg ein opp til to konkurransar pr. arrangement.

Haustmøtet drøfta om dette er ein ein god modell, og om ein kan forvente at det vert god oppslutnad frå laga på desse treningane.

Oppfølgingspunkt for alpinkomiteen jamfør drøftingar på Haustmøtet:

- Haustmøtet er usikre på korleis frammøte kjem til å bli på treningane/samlingane, og det vart også stilt spørsmål om ein vil få nok tilgang til trasèar i dei lokale anlegga.
- Alpinkomiteen bør vurdere å legge til rette for sonevise samlingar, i stadenfor fylkesvise
- Alpinkomiteen følgjer opp saka i samband med møte i komiteen 18. november 2014.

Terminlista 2014-2015

Oppfølgingspunkt for alpinkomiteen jamfør drøftingar på Haustmøtet:

- Alpinkomiteen må publisere kvalik. reglane på eit tidlegare tidspunkt
- For lite arrangement i SL (?)
- For mange arrangement på laurdagar
- Det er ikkje sett opp arrangement ved inngang og utgang av vinterferien. Her bør AK vurdere å t.d. legge til rette treningssamling for dei yngste utøvarane
- Kvifor er meisterskapssamlinga i februar lagt til Hafjell? AK bør vurdere å lokalisere denne til Sogn og Fjordane (dersom ein har gode treningstilhøve).
- Viktig at spesielt dei eldste utøvarane også deltek på lokale arrangement

- AK bør vurdere å samarbeide med Hordaland vedr. avvikling av Vestlandsmeisterskap. Eit slikt arrangement kan t.d. bli avvikla i mars/april.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftingar/ innspel på Haustmøtet 29. oktober 2014 gjer alpinkomiteen vedtak om følgjande endringar i Terminlista 2014-2015.

Treningssamlingane som er terminfesta 18. januar, 25. januar, 08. februar, 08. mars, 15. mars og 22. mars skal primært gjennomførast sonevis. Kvar og korleis samlingane skal gjennomførast vert avklara med bakgrunn i lokale- og regionalesnøtilhøve.

Under føresetnad av at ein har gode lokale snøtilhøve skal Fjord1 samlinga 20.-22. februar avviklast i Sogn og Fjordane.

Ny TD i samband med Frydenbø Cup i Stryn 14. mars 2015 er Jarle Viken (Sogndal IL).

Forøvrig presiserar alpinkomiteen at vinterferien er lagt til veke 8. Dermed har ein arrangement både ved inngangen og utgangen av vinterferieveka. Dette er høvesvis KM i SL/ SSL i Førde 14.-15. februar, samt Fjord1 samling i samarbeid med ARAN 20.-22. februar 2015.

Når det gjeld etablering av Vestlandsmeisterskap i alpint, sjå sak 50 13-15.

SAK 47 13-15

Kvalifiseringsreglar til Telenorleikane og Hovudlandsrennet 2015

Bakgrunn

Adm. gjer framlegg om at gjeldande kvalifiseringsreglar til Telenorleikane og Hovudlandsrennet 2015 skal reviderast.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om følgjande kvalifiseringsreglar for 2015:

KVALIFISERINGSREGLAR FOR PULJEPLASSERING AV LØPARAR TIL HL/LF

SOGN OG FJORDANE SKIKRINS

Tal kvalifiseringsrenn: 5 SL, 5 SSL, 2 SG.

Løparane skal delta i alle disiplinane. Dei 6 beste omgangane i SL, 6 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i puljeplasseringa til HL/LC.

Poengfordeling: 1.pl = 12p, 2.pl = 10p, 3.pl = 8p, 4.pl = 6p, 5.pl = 5p, 6.pl = 4p, 7.pl = 3p, 8.pl = 2p, 9.pl = 1p. Samanlagt poengsum avgjer endeleg puljeplassering. Det blir rangering i SL og SSL mellom dei påmelde utøvarane.

Best kvalifiserte i SL og SSL har fyrsteretten til puljeval i HL/LC.

Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i treningsomgangane i UF i HL.

Beste løpar i siste treningsomgang i HL har fyrsteretten til puljeval i UF-rennet.

AK kan bruke skjønn i evalueringa/rangeringa og uttak av løparar m.o.t. skade/sjukdom, tidsdifferansar, eller at talet på kvalifiseringsrenn ikkje blir mange nok pga. deltaking i nasjonale-og/eller internasjonalearrangement.

Vidare gjer komiteen vedtak om at kvalifiseringsreglane skal publiserast via www.skikrinsen.no

SAK 48 13-15

Handlingsplan 2014-2015

Bakgrunn

Drøftingsgrunnlag for alpinkomiteen sin Handlingsplan 2014-2015 er vedlagt.

Alpinkomiteen sin handlingsplan byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2013-2017.

Strategiplanen dannar såleis grunnlaget for alpinkomiteen sine årlege handlingsplanar.

Strategiplanen har prioriterte mål innanfor kvart strategiområde, og handlingsplanen skal ha tiltak for å følgje opp strategiplanen sine mål og verkemiddel.

Summen av komiteen sine årlege handlingsplanar i heile strategiperioden skal gje skikrinsen størst mogleg grad av måloppnåelse.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner Handlingsplan 2014-2015 med endringar drøfta i møtet.

SAK 49 13-15

Fellesopplegg i samband med Telenorleikane og Hovudlandsrennet 2015

Bakgrunn

Samling- og meisterskapsplan er vedlagt.

I samband med Haustmøtet 2014 vart det stilt spørsmål om alpinkomiteen sine retningslinjer ved tildeling av hovudleiaroppgåvene ifbm. med Telenorleikane og Hovudlandsrennet.

Det vart vidare stilt spørsmål om kva retningslinjer som ligg til grunn i samband med dekking av kostnader for hovudleiarane i samband med desse meisterskapa.

Når det gjeld tildeling av desse oppgåvene har alpinkomiteen ingen nedfelte retningslinjer, men ein har utøvd ein praksis der ein har rekruttert føresette

som har både kompetanse og erfaring til å løse desse oppgåvene på ein god måte.

Elles har ein praktisert at alpinksomiteen (i høve til godkjent budsjett) dekkar hovudleiarane sine kostnader med reise og overnatting.

VEDTAK

Komiteen gjer vedtak om at det er alpinksomiteen samla som utpeiker hovudleiarar til Sogn og Fjordane Skikrins sitt fellesopplegg, i samband med Hovudlandsrennet og Telenorleikane.

Ein gjer elles vedtak om at ein vidarefører praksis i høve dekking av kostnader som reise og overnatting for hovudleiar i samband med nemnde meisterskap, innanfor vedtekne rammer for budsjett.

Bakgrunnen for vedtaket er knytt til at alpinksomiteen som organisasjonsledd underlagt Sogn og Fjordane Skikrins har eit samla ansvar for å ivareta alle alpinistar og klubbmiljø i Sogn og Fjordane.

Førøvrig ser alpinksomiteen det som ein fordel at hovudleiar knytt til nemnde meisterskap også er tillitsvald i Sogn og Fjordane Skikrins (les; alpinksomiteen). Dette under føresetnad av at komiteen har personar som kan utøve rolla som hovudleiar på ein hensiktsmessig måte.

Vidare ser ein det som føremålsteneleg at hovudleiar er rekruttert frå alpinksomiteen, fordi komiteen er nært knytta til planlegging av skikrinsen sitt fellesopplegg i samband med desse meisterskapa.

SAK 50 13-15

Vestlandsmeisterskap i alpint 2015

Bakgrunn

Leiarane i alpinksomitèane i Sogn og Fjordane, Hordaland, Møre og Romsdøl samt Agder og Rogaland har drøfta moglegheitene for å etablere eit Vestlandsmeisterskap i alpint i 2015. Aktuell destinasjon er Myrkdalen 18.-19. april, med Fana ILSom arrangør.

Alpinksomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins har førebels ikkje terminfesta lokale/regionale alpinarrangement i dette tidsrommet.

VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om at Sogn og Fjordane Skikrins er positive til å vere ein del av Vestlandsmeisterskapen frå 2015.

Vestlandsmeisterskapen vert lagt inn i terminlista 18.-19. april 2015.

ORIENTERINGSSAKER

SAK 51 13-15

Status markedsarbeid 2014-2015

Bakgrunn

Økonomi- og markedsansvarleg, Atle Hamar, orienterte saman med adm. sjef om status i komiteen sitt markedsarbeid.



Sidan forrige møte i komiteen har økonomi- og markedsansvarleg og adm. sjef gjennomført oppfølgingsmøter med Coop Vest SA, Frydenbø Bilsenter AS samt Fjord1.

Forøvrig har ein fått positive signal vedr. evt. reforhandling av samarbeidsavtalane med Frydenbø Bilsenter AS (avtalen går ut 31.12.2014) og Fjord1 (avtalen går ut våren 2015).

VEDTAK

Teke til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Lilly Schøyen (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. Sjef

Vedlegg SAK 90 13-15 SFSK AK-referat Haustmøtet, 29.10.2014
--

MØTE : Haustmøte 2014

FRÅ: Alpinkomiteen

STAD/DATO: Skei/29. oktober 2014

TIL STADES: 31 representantar frå idrettslaga

REFERENT: Anders Felde / Yngve Thorsen

SAKLISTE:

Sak 01 Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Lilly Schøyen
Sak 02 Val av referent v/ Lilly Schøyen
Sak 03 Trening vs. konkurransar 2014-2015 v/ Lilly Schøyen
Sak 04 Terminlista 2014-2015 v/ Lilly Schøyen
Sak 05 Fjord1 samlingar 2014-2015 v/ Rune Espe
Sak 06 Foreldrevett v/ Anders Felde
Sak 07 Presentasjon av Førde IL alpingr. v/ Tor Egil Nedrebø
Sak 08 Økonomi/marked v/ Yngve Thorsen
Sak 09 Eventuelt
Klasseinndeling v/ Grotlireнна

Sak 01 Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Lilly Schøyen
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

Vedtak
Haustmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 02 Val av referent v/ Lilly Schøyen
Bakgrunn
AK fremmar forslag om Anders Felde som referent.

Vedtak
Samrøystes vedteke.

Sak 03 Trening vs. konkurransar 2014-2015 v/ Lilly Schøyen
Bakgrunn
I terminlista har ein lagt inn trening/ samling 18. januar på Hafslo, 25. januar på Harpefossen, 08. februar i Sogndal, 08. mars på Utvikjellet og 15. mars i Stryn.

Ansvarlege for gjennomføring er dei lokale arrangørane.

Bakgrunnen for dette opplegget er at AK ynskjer å stimulere til meir trening på tvers av klubbgrensene (utvikling av unge utøvarar).

Desse treningane kjem i tillegg til andre samlingar, og dagen før (laurdag) treningane/ samlingane legg ein opp til to konkurransar pr. arrangement.

Haustmøtet drøfta om dette er ein god modell, og om ein kan forvente at det vert god oppslutnad frå laga på desse treningane.

Oppfølgingspunkt for alpinkingomiteen jamfør drøftingar

- Haustmøtet er usikre på korleis frammøte kjem til å bli på treningane/samlingane, og det vart også stilt spørsmål om ein vil få nok tilgang til trasèar i dei lokale anlegga.
- Alpinkingomiteen bør vurdere å legge til rette for sonevise samlingar, i stadenfor fylkesvise
- Alpinkingomiteen følgjer opp saka i samband med møte i komiteen 18. november 2014.

Sak 04

Terminlista 2014-2015 v/ Lilly Schøyen

Bakgrunn

Rammer for terminlista vart lagt fram i samband med Vårmetet 03.06.2014. Vidare vart bearbeida terminliste sendt til høyring i laga i juni, med svarfrist 01.09.2014. Deretter vart innkomne høyringsforslag handsama i alpinkingomiteen 09.09.2014.

Oppfølgingspunkt for alpinkingomiteen jamfør drøftingar

- Alpinkingomiteen må publisere kvalik. reglane på eit tidlegare tidspunkt
- For lite arrangement i SL
- For mange arrangement på laurdagar
- Det er ikkje sett opp arrangement ved inngang og utgang av vinterferien. Her bør AK vurdere å t.d. legge til rette treningssamling for dei yngste utøvarane
- Kvifor er meisterskapssamlinga i februar lagt til Hafjell? AK bør vurdere å lokalisere denne til Sogn og Fjordane (dersom ein har gode treningstilhøve).
- Viktig at spesielt dei eldste utøvarane også deltek på lokale arrangement
- AK bør vurdere å samarbeide med Hordaland vedr. avvikling av Vestlandsmeisterskap. Eit slikt arrangement kan t.d. bli avvikla i mars/ april.

Sak 05

Fjord1 samlingar 2014-2015 v/ Rune Espe

Bakgrunn

Orientering om Fjord1 samlingane 2014-2015.

Oppfølgingspunkt for alpinkingomiteen jamfør drøftingar

- Kvalitetsikre at datoane for samlingane er riktige jamfør terminliste/ samlingsoppsett
- Trenarane må kommunisere meir med utøvarane, og ikkje berre til dei vaksne/ føresette.

- Gode tilbakemeldingar på Fjord1 barmarksamlingane m/ Even Hole

Sak 06

Foreldrevett v/ Anders Felde

Bakgrunn

Orientering v/ Anders Felde.

Sak 07

Presentasjon av Førde IL alpingr. v/ Tor Egil Nedrebø

Bakgrunn

Presentasjon av klubbarbeidet til Førde IL alpingr. jf. vedlagt presentasjon.

Oppfølgingspunkt for alpinksomiteen jamfør drøftingar

- Alpinksomiteen bør i større grad prioritere klubb utvikling i sitt arbeid

Sak 08

Økonomi/marked v/ Yngve Thorsen

Bakgrunn

Adm. la fram alpinksomiteen sin rekneskap pr. 27.08.2014.

Oppfølgingspunkt for alpinksomiteen jamfør drøftingar

- Utarbeide retningslinjer m.o.t. kven som blir lagleiarar på Telenorleikane og Hovedlandsrenn
- Utarbeide retningslinjer for kva hovudleiar skal få dekka i samband med desse arrangementa. (til no har ein praktisert at hovudleiar får dekka reise og kostnad med overnatting).

Sak 09

Eventuelt

Klasseinndeling v/ Grotlireнна

Bakgrunn

Stryn T&IL stilte spørsmål vedr. tal veteranklassar i samband med arrangement som t.d. Grotlireнна.

Med bakgrunn i drøfting signaliserte Haustmøtet at klassane inntil U-21 skal vere som normalt, men at det skal vere ei klasse for damer og ei klasse for herrar over 30 år. Dette bør også gjelde Even Hole Cup.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Lilly Schøyen
Leiar AK

Anders Felde (s)
Ref.

Vedlegg SAK 91 13-15 SFSK LK-referat Haustmøtet, 29.10.2014


Referat Haustmøte - Langrenn 2014

Sogn og Fjordane Skikrins
Skei hotel, 29.10.2014.

Langrennskomiteen.

1. Val av referent. Framlegg ved Arthur Hegrenes: Eivind Skaar.
2. Kort info om løypeutstyr og moglegheiter for å søkje om midlar v/ Arthur.
3. Team Vest Veidekke. Informasjon ved Åge Skinstad:


Langrennsfamilien:



Elite	
JR/Rekrutt	«justere rutiner»
Regionlag	«stort potensial»
Klubb/Krets	
Folket	«ressurser»

Folket skaper bredde og topp.

Langrennsfamilien:



Elite	
Region/Rekrutt /Team	«mangler Team på vestlandet»
Junior/Skigymna	
Krets – 16 kretsar	
Klubb - 850 klubbar	

Team Vest inne frå 2015. 60.000 i støtte til utgreiing. 800.000 til Team Vest oppstartsåre. 1 million 2. året, men krev at ein får inn 500.000 lokalt frå sponsor. (Mange kretsar er inne med 50.000 kvar). Naturleg med klubb eller løpar-andel. For å bli eit atraktivt lag bør ein ha eit budsjett på 1,5 millioner kroner. Dei fleste teama har trenar i 100%stilling. (Oslofjord 60%).

Veidekke er hovudsponsor.

Spar er sponsor.

Bendit er sponsor.

Bjørn Dæhli er med som sponsor på utstyr.

Omtrent på nivå med JR-landslaget. (dvs. litt under rekrutt).

50-60 samlingsdøgn.

Opplegg med NorgesCup og Skandinavisk Cup.

Den gamle traileren til skiforbundet får Teama, JR, og rekrutt landslaga tilgang til.

Teama skal vere «eit hakk vidare enn kretsen».

Poenget er å «SIKRE ETTERVEKSTEN». Ein får fleire seniorar til å halde på lenger. «5»-plassen på uttak til distansane i Falun er forbeholdt yngre løperar «for framtida». Trenarane til Teama følg langrennstrappa.

4. UTVIKLINGSTRAPPA S&Fj Skikrins v/Arthur Hegrenes.

Team Veidekke Vest (Klart til 15/4-2015 = frist)
Senior 60 samlingsdg.

Satsing gruppe
19år-> 55 samlingsdg.

Jr.kretslag
17-19 år

Impuls
16 år

Klubb/sone

5. 11.11.2014 Nytt snøproduksjonsanlegg i Førde i gang. v/Arthur Hegrenes.

6. Terminlista 2014/2015 v/ Oddmund Lefdal. Viser til lista som ligg på heimesida til skikrinsen.

Følgjande vart notert:

Ribberennet. (Sogndal reserve).

Stafett i Markane der dei klubbane som ikkje har lag, kan lage lag på tvers av klubbar og med lag med både gutar og jenter.

KM helg på Eid i år.

11 års aldersgrense på Duathlon. Mange innspel frå salen:

- Gå innom bytesona.
- Kan gå med klassisk
- Diskvallifisere dei som skøyter ved klassisk dersom dei er 13 år.
- Ta opp reglar med klubbar og foreldre
- Straff i tid.
- Internasjonal regel : «i sporet når det er satt spor».
- Lagleiarmøte på førehand
- Gå med klassiske ski med festesmurning
- Fleire TD'ar.
- Stå i innbydinga reglane
-

7. SFE er sponsor til skikrinsen. Dei har fått lovnad om at det på 3 skirenn til vinteren skal vere smøreservice. «Kraft i kvart fråspark»

- KM klassisk på Eid
- 7. februar i Førde
- 15. februar Sandane

8. TD-kurs med Per Nymoen kjem. Det er eit godt kurs for alle arrangører. Alle i klubben kan komme.

9. Rypeskarsrennet vert kanskje i skøyting. v/Jonfinn Aske.

10. God innsats i vinter for å få avvikla skirenn. Viktig med skirenn kvar helg. v/Yngve Thorsen.

11. Full premiering på alle renn. Henstilling v/Arne Helgheim.

12. Økonomi. Kort gjennomgang v/Yngve Thorsen. Viser til utleverte regnskap i sakspapir. «Dersom aktiviteten vert som forventa i langrennskomiteen, så vil rekneskapen gå i balanse. «Langrennskomiteen kan ikkje ta på seg meir forpliktelser enn ein har i dag.» Handlingsplanen er styrande for aktiviteten. Har LK pengar, så bruker vi dei på aktivitetane som står der.

13. TRENING. v/Åge Skinstad

Sjå på heimesida til Norges Skiforbund

Ref. Eivind Skaar
Langrennskomiteen

Vedlegg SAK 92 13-15 SFSK HKK-referat Haustmøtet, 29.10.2014

MØTE : Haustmøte 2014

FRÅ: Hopp- og kombinertkomiteen

STAD/DATO: Skei/29. Oktober 2014

TIL STADES: Lars Brekke (Vik IL) Oddvin Myklebust (Veten IL) Jon Kåre Blakset (Veten IL)
Jan Inge Årdal (Jølster IL)

REFERENT: Gunnar Fannemel

SAKLISTE:

Sak 01) Godkjenning av innkalling og sakliste v/ Gunnar Fannemel
Sak 02) Val av referent v/ Gunnar Fannemel
Sak 03) Terminliste 2014-2015 v/ Jon Ove Lomheim
Sak 04) Rekrutteringssamlingar v/ Lars Kveen
Sak 05) Planlegging av trenarkurs v/ Gunnar Fannemel
Sak 06) Økonomi, marked v/ Yngve Thorsen

Eventuelt

Sak 01 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er utsendt på førehand.

VEDTAK
Haustmøtet godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 02 **Val av referent v/ Gunnar Fannemel**

VEDTAK
Gunnar Fannemel er valt som referent.

Sak 03 **Terminliste 2014-2015 v/ Jon Ove Lomheim**
Bakgrunn
SFE cup i alle regionar gjerne i tillegg til Telenor karusellar mm er viktig for rekruttering til hopp- og kombinertsporten
27.-28 des treningssamling i Bjørkelibakkane
Framnes 30.des
SFE finale regionvis som krinsrenn
SFE hovedfinale mars(15. El 21-22.)
KM 8.febr Hafslo
Evt VM 22. Febr i Stryn kombinert med Stordal på laurdag

VEDTAK

Jon Ove i samarbeid med Gunnar etter koordinering med Hord og M&R set opp forslag til terminliste. Forøk å få til felles helg med Hordaland og Møre og Romsdal.

Terminlisteforslag sendes som vedlegg på mail

Sak 04

Rekrutteringssamlinger/besøk barneskular v/ Lars Kveen

Bakgrunn

Regionvis ”motivasjonssamlinger” der lek og moro blanda med ei god innføring til hopp- og kombinertsporten.

Oppsøk barneskular med innføring til hopp- og kombinertsporten, gjerne i gymsal der ein kan legge vekt på koordinasjonsøvingar mm.

VEDTAK

I samråd med Yngve og Lorentz forsøker ein få til eit opplegg både mht snøsamlingar og skulebesøk.

Sak 05

Planlegging av trenarkurs v/ Gunnar Fannemel

Bakgrunn

Motivere aktuelle kandidatar å ta T1 eller anna skileikkurs.

VEDTAK

HKK oppmodar alle til å finne kandidatar til eit skileik, T1 kurs eller aktivitetkurs.

Kursa kan arrangereast lokalt eller i samarbeid på krinsnivå.

Sak 06

Økonomi, marked v/ Yngve Thorsen

Bakgrunn

Viser til vedlagt økonomioversikt.

VEDTAK

Teke til orientering.

Eventuelt

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins HKK

Gunnar Fannemel (s)
Leiar HKK

Vedlegg SAK 95 13-15 Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 07 13-15

Skikrinsstyret @

Sakshand.: YT/IF

Dato: 29.10.2014

Arkivk.: styret/møter/protokoll/13-15

PROTOKOLL FRÅ MØTE NR. 07 I SKIKRINSSTYRET, 2013-2015

Stad: Skei, Skei Hotell
Tidspunkt: Onsdag 29. oktober, kl. 17.00-17.45

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 82 13-15 SFSK LK-protokoll nr. 03 13-15
SAK 83 13-15 SFSK AK-protokoll nr. 06 13-15
SAK 84 13-15 SFSK økonomi- og markedsnemnda protokoll nr. 02 13-15

RAPPORTERING

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 85 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 86 13-15 Godkjenning av av protokoll frå styremøte nr. 06 13-15
SAK 87 13-15 Etablering av Team Veidekke Vest
SAK 88 13-15 Spelemidler til prepareringsutstyr - langrenn

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

TIL STADES: Inge Fænn, Anders Felde, Hallvard Nygård, Gunnar Fannemel, Lilly Schøyen, Arthur Hegrenes og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Reidun Hegrenes, 1. varamedlem Asle Sande

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 82 13-15 SFSK LK-protokoll nr. 03 13-15

Bakgrunn

Langrennskomiteen sin protokoll nr. 03 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering

SAK 83 13-15 SFSK AK-protokoll nr. 06 13-15

Bakgrunn

Alpinkomiteen sin protokoll nr. 06 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering.

SAK 84 13-14 SFSK økonomi- og markedsnemnda protokoll nr. 02 13-15

Bakgrunn

Økonomi- og markedsnemnda sin protokoll nr. 02 13-15 er lagt ved som vedlegg.

VEDTAK

Teke til orientering.

RAPPORTERING

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 85 13-15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste

SAK 86 13-15

Godkjenning av protokoll frå styremøte nr. 06 13-15

Bakgrunn

Protokoll frå styremøte nr. 06 13-15 er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner protokoll frå styremøte nr. 06 13-15.

SAK 87 13-15

Etablering av Team Veidekke Vest

Bakgrunn

Seniorutøvarar i langrenn i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland har i dag eit avgrensa tilbod frå skiforbundet eller respektive kretsar for å kunne satse vidare på topp-nivå etter endt vidaregåande skule. Med mindre utøvarane har eit nivå som kvalifiserar dei for junior- og seinare seniorlandslag. For mange kretsar betyr dette ein fare for at ein mistar sine beste utøvarar ved at dei sluttar eller flyttar til andre kretsar. Dette ynskjer langrennskomiteane i respektive kretsar å forhindre gjennom etablering av eit regionalt tilbod – Team Veidekke Vest.

Langrennskomiteane i Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland Skikrets har difor (etter samråd med NSF) etablert ei styringsgruppe i tillegg til ei arbeidsgruppe som har fått i oppdrag å utgreie moglegheitene for etablering av Team Veidekke Vest. Føremålet med etableringa er å sikre eit tilbod på toppnivå til langrennsutøvarar frå nemnde kretsar.

Målet for arbeidsgruppa er å utarbeide eit grunnlag for beslutning til styringsgruppa, samt arbeide med satsinga fram til den er operativ.

Ei av dei store utfordringane til arbeidsgruppa er å utarbeide eit økonomisk grunnlag for satsinga, dvs. ein plan som inneheld ein konkret finansieringsplan, herunder finne sponsorar, og avklare kva kretsane sjølv kan bidra med av økonomiske ressursar for å utløse sentrale midlar.

Skiforbundet har på si side signalisert ei årleg økonomisk støtte til etableringa med ca. kr. 800 000 – 1 000 000,- (dette gjennom samarbeidsavtalen som skiforbundet har med Veidekke).

På den andre sida forpliktar kretsane seg til ei årleg finansiering på kr. 500 000,-. Dette kan finansierast gjennom markedsinntekter, eigendelar frå utøvarar, eigendelar frå klubb og/eller eigendelar frå krets.

I samband med skiforbundet sitt Haustmøte på Gardermoen 17.-19. oktober 2014 signerte kretsleiarane for Sogn og Fjordane, Hordaland samt Agder og Rogaland ein intensjonsavtale for det vidare arbeidet.

Ein understrekar at avtalen ikkje er juridisk eller økonomisk bindande, og at styreleiar har signert intensjonsavtalen under føresetnad av godkjenning i Skikrinsstyret.

Signert intensjonsavtale er vedlagt

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at intensjonsavtalen for det vidare arbeidet er godkjent.

SAK 88 13-15

Spelemidlar til prepareringsutstyr - langrenn

Bakgrunn

Viser handsaming av saka pr. e-post.

Ref. Norges Skiforbund (NSF) si ordning om spelemidlar til prepareringsutstyr for langrennsløyper

I Sogn og Fjordane er det komt inn seks søknader, og det er søkt om i overkant av 1,2 millionar kroner.

På landsbasis er det tilsaman 71 søkjarar, og ein total søknadssum på ca. 13 millionar kroner.

Fristar

Skikretsane innstiller klubbane sine søknader i prioritert rekkefølge til NSF innan 12. oktober.

NSF gjev beskjed til klubbane om tildeling innan 20. oktober.

VEDTAK

Basert på handsaming pr. e-post i oktober 2014.

I samråd med leiar i anleggskomiteen og administrasjonen gjer Skikrinsstyret følgjande prioritering av innkomne søknader.

1. Eid IL, skigruppa

Kontaktperson; Reidar Hunvik
Bearbeida søknadssum; kr. 150 000,-

Kva søker ein om?

Skigruppa ynskjer å kjøpe seg inn i trakkemaskina til Ove Bjørlo, slik at skigruppa sjølve kan disponere maskina i større grad enn tidlegare. Dette vil gjere det enklare for laget å legge forholda betre til rette for born og unge som vil utøve langrennsporten.

2. Vik IL, skigruppa

Kontaktperson; Anne Jorunn Fjærestad
Bearbeida søknadssum; kr. 180 000,-

Kva søker ein om?

Spelemidlar til kjøp av prepareringsmaskin i laget

3. IL Vetten

Kontaktperson; Olav Nyberg
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søkjer ein om?
Støtte til kjøp av ei brukt prepareringsmaskin og nye hydrauliske sporsettarar.

- 4. Stårheim/Haugen IL**
Kontaktperson; Nils Magne Nedreberg
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søkjer ein om?
Innkjøp av ny prepareringsmaskin.

- 5. IL Fanaråk/ Sognefjellet Sommarskisenter**
Kontaktperson; Anders Fortun
Bearbeida søknadssum; kr. 300 000,-

Kva søkjer ein om?
Prepareringsmaskin m/ breidde 3,10 m (Prinot 2014).
Maskina er kjøpt inn i 2014.

Syril IL
Kontaktperson; Eivind Brendehaug
Bearbeida søknadssum; kr. 0,-

Kva søkjer ein om?
Rulleski og rulleskistavar.

Merknad;
Søknaden er ikkje godkjent

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

Neste møte i skikrinsstyret er fastsett til måndag 08. desember 2014.
Møtet vert avvikla ved Skei Hotell frå kl. 17.00-21.00.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. Sjef



Vedlegg SAK 103 13-15 Ski i Skulen 2015

Til
aktuelle skular
aktuelle idrettslag

Førde, 05.11.2014

Ski i skulen 2015 - invitasjon til deltaking

Sogn og Fjordane Skikrins skal kommande vinter vidareføre prosjektet *Ski i Skulen*.

I samband med vidareføring av prosjektet ynskjer skikrinsen å invitere dykkar skule og idrettslag til deltaking i prosjektet. Dvs. at ein eller to klassar ved mellomsteget hjå dykkar skule får høve til deltaking.

Kort om prosjektet

Ski i skulen 2015 blir gjennomført med ei eller to klassar ved mellomsteget. I lag med det lokale idrettslaget tilbyr ein 5 -6 skiøktar à 2-3 timar i perioden januar-mars.

Gjennom prosjektet får elevane tilbod om eit flott opplegg, både skifagleg og sosialt.

Økonomi

Gjennom prosjektet dekkjer skikrinsen transport av elevar og lærarar til dykkar næraste skianlegg, i tillegg dekkjer ein løn til instruktørar rekruttert frå det lokale idrettslaget eller skikrinsen.

Såleis er tilbodet kostnadsfritt for skulen.

Prosjekteigar

Det er Sogn og Fjordane Skikrins som eig prosjektet, men Sogn og Fjordane Fylkeskommune er saman med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane særskild viktige økonomiske bidragsytarar.

Føremål og målsetjing

Skikrinsen sitt føremål med prosjektet er å styrke tilbodet om fysisk aktivitet til elevane vinterstid, samt gje dei positive opplevingar, skiglede og- dugleik som dei kan ta med seg inn i vaksenlivet.

For skikrinsen er det spesielt viktig at prosjektet vert gjennomført i grunnskulen, som gjev tilbodet til alle elevane uavhengig av foreldra/føresette sin sosioøkonomiske status.

Målsetjing med prosjektet;



- skape ei god skiopplæring i grunnskulen, der skiglede i snø er eit sentralt moment
- bidra til auka fysisk aktivitet blant born og ungdom gjennom aktivitet vinterstid
- innføring i grunnleggande ferdigheiter innan vinterfriluftsliv

Organisering og gjennomføring

Alle skular og idrettslag som deltok i prosjektet i 2014 får tilbod om deltaking kommande vinter:

- Gaupne skule – IL Bjørn
- Flatbygdi skule – Vik IL
- Breim skule – Breimsbygda IL
- Flatene skule – Førde IL
- Tonning skule – Markane IL
- Nordfjordeid skule – Eid IL
- Trudvang skule – Sogndal IL
- Tangen skule – Årdalstangen IL
- Leikanger barneskule – Syril IL
- Hjelle skule – Eid IL
- Sunde skule – Førde IL
- Frøysland skule – Førde IL, Haukedalsgr.
- Hyen skule – Hyen IL
- Hauge skule – Haugen IL

Distansekort på nett

Skikrinsen set krav om at alle elevar som deltek i prosjektet registrerar sin skiaktivitet gjennom distansekort på nett.

Meir informasjon om denne ordninga finn ein på Norges Skiforbund sine nettsider;

<http://www.skiforbundet.no/barn-og-skiidrett/distansekort-pa-nett/>

Instruktører

Til liks med fjoråret får skulen moglegheit til å nytte eigne lærarar som instruktører. Føresetnaden er at aktuelle lærar har naudsynt skifagleg kompetanse.

Elles vil ein kunne rekruttere instruktører frå det lokale idrettslaget eller skikrinsen.

Skikrinsen syter for utbetaling av lønn (kr. 800,- pr. økt) og evt. reisekostnader for instruktørane.

Skular som rekrutterar instruktører frå eige personale vil få overført same beløp.

Primært ynskjer ein at det skal vere faste instruktører, og det bør ikkje vere meir enn 20 elevar pr. instruktør.

Timetal/ gjennomføring

I prosjektet legg ein opp til 2 timar aktivitet pr. veke frå januar og fram til vinterferien. Inklusiv tidsbruk med transport brukar ein då ca. 1 x 3 skuletimar pr. veke.

Innhald

Skiaktivitet på flate

- lære grunnleggande ferdigheiter knytt til klassisk skiteknikk, langrenn
- lære ferdigheiter knytt til friteknikk, langrenn

Skiaktivitet i bakke

- grunnleggande svingteknikk
- grunnleggande hoppteknikk
- tileigne seg god balanse og generell skiferdigheit i nedoverbakke
- det er ei målsetjing (der det er naturleg) at minimum ei økt skal vere i ein alpinbakke

Å klare seg ute vinterstid

- lære å tenne, bevare og kose seg rundt eit bål vinterstid
- lære påkledning vinterstid (kulde, sveitte etc.)

Informasjon

Før prosjektet tek til tilbyr ein å komme til skulen for å informere aktuelle lærarar og elevar.

Tilbakemelding – aktuelle skular

Skikrinsen har allereie fått stadfesta at fleire av skulane ynskjer å delta i prosjektet. Av omsyn til vidare planlegging ynskjer ein tilbakemelding frå alle skular på følgjande problemstillingar:

1. Vi ynskjer å delta i prosjektet/vi ynskjer ikkje å delta i prosjektet
2. Kva klassetrinn får tilbod om deltaking på dykkar skule?
3. Kor mange elevar får tilbod om deltaking?
(Ver merksam på at det normalt er plass til 50 elevar pr. buss)
4. De skal sjølve bestille transport, medan faktura for transporten skal sendast skikrinsen. Av budsjettmessige årsaker treng ein tilbakemelding på ca. totalpris for transporten av elevane t/r skianlegga.
5. Ynskjer de å nytte instruktørar rekruttert frå eige personale?
Det vil då ikkje kome instruktørar frå det lokale idrettslaget eller skikrinsen.
6. Kva vekedag og tidspunkt er aktuelt å nytte ved gjennomføring?
7. E-post og tlf. nummer til kontaktperson hjå dykkar skule

Skulane har frist til måndag 01. desember 2014 med å gje tilbakemelding.

Tilbakemelding sender ein pr. e-post til krinskontoret; yingve.thorsen@skiforbundet.no

Tilbakemelding – aktuelle idrettslag

1. Idrettslaga skal rekruttere 1-2 instruktørar til opplegget.
Namn på aktuelle instruktørar sender ein pr. e-post til krinskontoret.

Ein minner om at skikrinsen lønner idrettslaga sine instruktørar.
2. Idrettslaga er vidare ansvarlege for at det vert preparert løyper i respektive anlegg.

Idrettslaga har frist til måndag 01. desember med å gje tilbakemelding.

Tilbakemelding sender ein pr. e-post til krinskontoret; yingve.thorsen@skiforbundet.no



Dersom de har spørsmål eller noko skulle vere uklart – kontakt undertekna.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

E-post; yingve.thorsen@skiforbundet.no
Tlf. nr.; 92 60 14 21

Vedlegg SAK 104 13-15 Uttale vedr. «Nordsida Skitrek»

IL Veten
v/ leiar Oddvin Myklebust

Førde, 07.11.2014

Kopi
Norges Skiforbund v/ Marit Gjerland
Sogn og Fjordane idrettskrins v/ Anne Leversund
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Atle Skrede
Stryn kommune v/ Myrtel Thommassen
Tor Åge Berglid, repr. «Nordsida Skitrek»

UTTALE – «NORDSIDA SKITREKK»

Viser til tilsendt informasjon via Tor Åge Berglid vedr. planlagde investeringar i «Nordsida Skitrek» i Stryn kommune. Dei førebelse planane viser at anlegget er planlagt i tilknytning til Nordfjord Fritidssenter og eksisterande skianlegg der.

Viser også til samtale med Oddvin Myklebust (d.s. 08. september 2014) vedr. framtidig utvikling av skianlegget v/ Nordfjord Fritidssenter. Gjennom desse samtalane gav Myklebust uttrykk for at ei evt. utbygging av «Nordsida Skitrek» ikkje har prioritet i laget no.

Sogn og Fjordane Skikrins (SFSK) har førebels ikkje motteke informasjon om at skitrekket er detaljplanlagt og kalkulert, men at det føreligg planar om eit skitrek på 900 meter med fallhøgde på ca. 350 meter, 3 nedfartar, samt ein terrengpark. Ein har vidare fått informasjon om ei førebels investeringskalkyle på ca. kr. 6 150 000,-.

Alpnanlegg i Sogn og Fjordane

I Sogn og Fjordane er det registrert 11 større alpnanlegg, av desse er fire lokalisert i Nordfjord, tre i Sunnfjord og fire i Sogn. Vidare er det registrert sju alpnanlegg på Sunnmøre (døme; Stordal Alpnsenter AS, Strandafjellet Skisenter AS, Ørsta Skisenter og Volda Skisenter). Samanlikna med befolkningsgrunnlaget i regionen, viser dette ei svært god dekning av alpnanlegg i regionen pr. i dag. Vidare ser ein også at mange alpnanlegg har store utfordringar m.o.t. driftsøkonomi, m.a. på grunn av konkurransesituasjonen om brukarane i anlegga, samt tidvise utfordringar knytt til snøtilhøva.

Planar for utvikling - Regional plan for fysisk akt., idrett og friluftsliv

Dei fleste eksisterande alpnanlegga i Sogn og Fjordane har planar om vidare utbygging, men SFSK vurderar det slik at det ikkje er befolkningsgrunnlag i regionen og ressursar nok til større utbyggingar av alle alpnanlegga i fylket finansiert gjennom spelemiddelordninga. Dei anlegga som har høve til å få spelemidlar i Sogn og Fjordane er anlegga i Eid, Jølster, Sogndal og Luster kommunar (ref. Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017).



Prioritering av eksisterande alpinanlegg

SFSK legg til grunn at eksisterande alpinanlegg skal prioriterast når det gjeld vidareutvikling, og at anlegga skal stette dei lokale og regionale idrettslege behova samt allmenne interesser for aktivitet. Med dette understrekar ein at dei lokale og regionale idrettslege behova i dag er dekkja, m.a. gjennom etablerte alpinanlegg i Nordfjord (Stryn Skisenter AS, Hornindal Skisenter AS, Harpefossen Skisenter AS og Breimsbygda Skisenter AS).

SFSK kan difor ikkje prioritere nemnde planar for «Nordsida Skitrek».

Vidare utvikling i Nordfjord Fritidssenter

Avslutningsvis understrekar ein at SFSK er av den oppfatning at det kan vere fornuftig med ei mindre utvikling av alpinrelatert aktivitet i Nordfjord Fritidssenter. Her ser ein føre seg utvikling av ein type terrengpark (nærmiljøanlegg) som vert retta som freeski-segmetet. Ein terrengpark er eit « anlegg i anlegget» - som primært vert nytta av personar med snowboard eller twin-tip ski. Ein terrengpark kan innehalde element som hopp, rails, cornes og boxes. Installasjonane vert ofte sett saman i ei eller fleire linjer, og aktiviteten her inviterar meir i retning freestyle og skiakrobatikk, enn tradisjonell skikøyning.

I den seinare tid har det blitt vanleg at skianlegga tilbyr denne type parkar/element, noko som bidrar til å trekke lokal ungdom til anlegga. Terrengparkane med sine fleirbrukselement gjev tilbod til ulike brukargrupper, og bidreg til ei generell auke i trafikken, utan at ein treng å gjere dei store investeringane. Ei slik utvikling vil heller ikkje medføre unødig store driftskostnader, og vil vere ei fornuftig innretning også m.o.t. å oppnå samdriftsfordelar knytt til hoppanlegget (t.d. felles heis).

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Inge Fænn (s)
Leiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef